



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57 65 51 50
E-post: td@fmsf.no

Vår dato
15.02.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/687 -
Dykkar referanse

Til adressatar i følgje liste

Jostedalsbreen - Referat frå det konstituerande møtet i Nasjonalparkstyret 1. februar 2011

Vedlagt følgjer referat frå det konstituerande møtet i Nasjonalparkstyret 1. februar 2011.

Stad: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens Hus, 6863 Leikanger

Til stades frå styret:

Einar Målsnes, ordførar i Balestrand kommune
Nils Gjerland, ordførar i Førde kommune
Anders Ryssdal, ordførar i Gloppen kommune
Gerd Dvergsdal, ordførar i Jølster kommune
Torodd Urnes, ordførar i Luster kommune
Eline Orheim, Sogndal kommune
Nils P. Støyva, ordførar i Stryn kommune
Gunnvor A. Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Varamedlemer (utan stemmerett) til stades:

Kari Bolstad, Balestrand kommune
Sølvi Fretheim Steig, Luster kommune
Johan Berge, Stryn kommune

Andre deltakarar:

Kari Kveseth, Statens naturoppsyn
Anne Rudsengen, Statens naturoppsyn
Eldrid Nedrelo, Direktoratet for naturforvaltning
Anne Karin Hamre, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Nils Erling Yndesdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Astrid Haavik, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Forfall:

Eva Marie Halvorsen, Førde kommune
Per Jarle Myklebust, Gloppen kommune
Atle Reidar Sandnes, Jølster kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune
Jarle Skartun, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Assisterande fylkesmann Anne Karin Hamre ønskte velkomen og leia møtet til og med sak 1.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Sak 1-2011 Konstituering av styret og val av leiar og nestleiar (vedtakssak)

Framlegg frå Einar Målsnes:

Torodd Urnes som leiar og Nils P. Støyva som nestleiar.

Vedtak:

Torodd Urnes vart vald som leiar, samrøystes

Nils P. Støyva vart vald som nestleiar, samrøystes

Torodd Urnes tok så over møteleiinga.

Sak 2-2011 Gjennomgang av retningslinjer frå Miljøverndepartementet (orienteringssak)

Eldrid Nedrelo gjekk gjennom retningslinjene (lysark vedlagt).

Direktoratet for naturforvaltning (DN) tilbyr eit kompetanseprogram over to dagar i lag med fylkesmennene. Styret ser at behovet for kompetanseprogram er størst etter valet hausten 2011.

Sak 3-2011 Styret sitt sekretariat (orienteringssak)

Nils Erling Yndesdal orienterte (lysark vedlagt).

Miljøverndepartementet har ikkje gitt signal om når det vert avsett midlar til nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen. Det kom innspel frå styret om det kan vere muleg å få to nasjonalparkforvaltarstillingar (sjå sak 9-2011)

Sak 4-2011 Status for forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (orienteringssak)

Tom Dybwad orienterte (lysark vedlagt)

Sak 5-2011 Arbeidsutval: Samansetjing og arbeidsoppgåver (vedtakssak)

Framlegg frå Einar Målsnes : Leiar og nestleiar, og i tillegg Eline Orheim som medlem.

Vedtak - samansetjing av AU:

”Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen opprettar med dette eit arbeidsutval (AU) jf. punkt 5 i vedtektene. AU skal bestå av leiaren og nestleiareren i styret, samt følgjande styremedlem: Eline Orheim, til saman tre personar.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak - oppgåvene til arbeidsutvalet:

”Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmyndet for følgjande sakstypar til AU:

- *Dispensasjonssøknader der det i framlegget til forvaltningsplan går fram at løyve kan/bør gjevast, t.d. motorferdsel og andre tiltak som har tidsavgrensa påverknad. Dette omfattar ikkje irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak. (Dvs. at søknader om irreversible tiltak uansett skal handsamast av styret).*
- *Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, der same søkjar har fått løyve tidlegare.”*

Samrøystes vedteke.

Styret diskuterte at både førebels sekretariat og AU må vere smidige og effektive for å få unna saker så fort som mogleg. Til eit seinare møte kan sekretariatet sjå nærare på om det er andre type saker der AU kan fatte vedtak.

Sak 6-2011 Statens naturoppsyn si rolle (orienteringssak)

Kari Kveseth (SNO sentralt) og Anne Rudsengen (SNO lokalt) orienterte (lysark vedlagt).

Sak 7-2011 Val av forvaltningsknutepunkt (vedtakssak)

Fellesframlegg frå Einar Målsnes, Nils Gjerland, Gerd Dvergsdal og Eline Orheim: Norsk Bremuseum i Fjærland

Framlegg frå Torodd Urnes: Rådhuset i Luster

Framlegg frå Nils P. Støyva: Stryn næringshage

Ved prøverøysting fekk Norsk Bremuseum i Fjærland seks stemmer (Einar Målsnes, Nils Gjerland, Gerd Dvergsdal, Eline Orheim, Torodd Urnes og Gunnvor A. Sunde). Stryn næringshage fekk to stemmer (Nils P. Støyva, Anders Ryssdal)

Endeleg røysting:

”Styret ber om at Miljøverndepartementet peiker ut Norsk Bremuseum i Fjærland som forvaltningsknutepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark.”

Samrøystes vedteke.

Sak 8-2011 Neste møte og møteplan 2011

Møte framover:

Styret var samde om å halde neste møte i Nasjonalparkstyret 9. og 10. juni 2011
Sekretariatet kjem med framlegg til møteplan og lokalisering.

Fagleg rådgivande utval: Sekretariatet kjem med framlegg til samansetjing av utvalet.

Administrativt kontaktutval: Saka vert teke opp på neste møte i Nasjonalparkstyret.

Sak 9-2011 Eventuelt:

- a) Styret bed om at aktuelle dokument som hovudregel berre sendast ut digitalt.
- b) Nasjonalparkstyret ber om at følgjande vert sendt til Miljøverndepartementet:
”Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen ber Miljøverndepartementet om å prioritere og få på plass ein nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen så fort som mogeleg. Nasjonalparkstyret meiner det er behov for to nasjonalparkforvaltarstillingar for Jostedalsbreen nasjonalpark, og vil kome tilbake med ei fagleg grunngjeving for dette.”
Samrøystes vedteke.

Ref.: Astrid Haavik

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Adresseliste (på e-post):

Einar Målsnes, ordfører i Balestrand kommune
Nils Gjerland, ordfører i Førde kommune
Anders Ryssdal, ordfører i Gloppen kommune
Gerd Dvergsdal, ordfører i Jølster kommune
Torodd Urnes, ordfører i Luster kommune
Eline Orheim, Sogndal kommune
Nils P. Støyva, ordfører i Stryn kommune
Gunnvor A. Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kari Bolstad, Balestrand kommune
Sølvi Fretheim Steig, Luster kommune
Johan Berge, Stryn kommune
Eva Marie Halvorsen, Førde kommune
Per Jarle Myklebust, Gloppen kommune
Atle Reidar Sandnes, Jølster kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune
Jarle Skartun, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi pr. e-post:

Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Statens naturoppsyn
Statens naturoppsyn Jostedalsbreen